

Tullar-Margit

Da Svein Løndal (1864-1949) blei fødd var det ikkje mange gode spelemenn att i Tuddal. Fyri Svein hadde Tuddal éin meister – Ola Sudbøen. Han hadde lært av Håvard Gibøen (1809-1873), og det gjorde han så godt at ein møsstrending ein gong uttala at han trudde Gibøspelet hadde hamna i Tuddal. Men når spelemannen i Svein vakna tidleg i barndomsåra var det heldigvis ennå att folk som kunne overbringe ein del av musikken etter gamle Sudbøen. Kjetil Øygarden og sonen, Ola Kjetilson, kunne mykje av stoffet, mens Ola O. Bøen, Sudbøen sin eigen son, vel var den som kunne aller mest av det. Hadde ikkje Svein kome til akkurat på denne tida hadde Tuddal sannsynlegvis ligge så godt som brakk med omsyn til slåttetradisjonen. Det er det rart å tenkje på når ein tenkjer på kor stor status tuddalspelet har hatt dei siste 100 åra.

Men det var rette guten som blei fødd òg. Svein hadde særskilde evner. Han gjekk og lydde på alt og alle, og hadde ein stor kunstnarnatur og evne til å gje att kva han hadde høyrte ved å uttrykkje seg gjennom fela.

I Tuddal hadde han så å seia einevelde som spelemann, der han boltra seg fritt og mektig både som ein tradisjonell og nyskapande spelemann.

Svein hadde det nok i seg da han blei fødd. Mora, Gro Sveindotter, var av Leikanrudætt i frå Tinn. Far hennar var Svein Høljesen, ein spelemann i ei lang rekke av storspelemenn frå Leikanrud. Sjølvaste Knut Lurås uttala ein gong at *"Ha' e' hatt Bokko-bogje og Leikanrud-finga' – da sku' eg vore spelemann"*.

Når ein les seg til kva folk i denne tida har skildra om kva som var så fint med spelet til Leikanrudane er det lett å dra parallellar til og seie det sama om spelet til Løndølane. Ein kan slutte seg til Knut Lurås, og seie det sama om dei; Dei hadde nokre fingrar som dei fleste kan misunne.

Gro Sveinsdotter var god til å synge, og kunne overbringe det nauvande fine til sonen sin. Ho hugsa godt korleis faren spela.

Svein lydde ikkje berre til spelemenn i heimbygda, men var ofte i lag med slike som Knut Dahle i Tinn og Lars Fykerud i Sauherad, samt andre samtidige storspelemenn.

Men det var heller ikkje berre spelemenn som rørte ved Svein. Han blei sterkt teken da han høyrde mor si, samt andre gode kvedarar i bygda, tulle slåttar og kveda viser.

På Lynidalen, der Svein vaks opp, var det mykje song. Signe Øystul og Margit Odden, som baa var gode kvedarar, kunne tulle slåttar etter gamle Sudbøen for honom når dei var innom. Og særleg Margit sette djupe spor i honom.

Margit Høljesdotter Odden (1836-1885) blei kalla Tullar-Margit av det at ho var så makelaust god til å tulle slåttar. Ho gifte seg i 1863 med Ole Pedersen, frå ein plass under Flugon i Tuddal. Dei legde seg ein part under Greivjord, men Margit blei enkje alt i 1864, og blei slik aleineforsørgjar for tre ungar, samt mora Bergit, som også budde med dei. Tullar-Margit tok til som tenestejente og legdekone på ymse gardar rundt om i Tuddal. Slik var ho ofte innom på Lynidalen da Svein var liten. *"Ho va' den snålaste som kom,"* fortalde Svein. Ho tok honom på fanget og tulla og song for honom. *"Ja, no må du koma innatt, fe no har Margit kome!"* ropa Gro til son sin om gutungen var ute når det gjæve besøket kom til gards. Svein Løndal lærde visetonar og slåttestubbar av henne. Og det heitest at han hadde eit underleg gripande mål i fela når han spela det gjæve han hadde fått av Tullar-Margit. Det blei sagt om henne at ho hadde gull i røysta.

Bygdefolket såg på Margit som litt rar da ho før gjennom bygda med bakmeisen på ryggen.

Den godmodige gutungen på Lynidalen blei nok gjev for henne – han var så inderleg glad i henne og songen hennar.

Ettersom ho blei noko eldre fekk Margit nokre rare syn. Ho byrja stadig å prate om ei sølvgruve ho hadde i Årmoddalen i Bø; ”Der søv eg so godt, heilt te’ sole kjem,” skal ho ha sagt. På ettersommare eit år såg dei plutseleg ikkje meir til Margit. Da hadde ho fore avgarde til Årmoddalen for å finne gruva si. Det hadde kome ein snøstorm over henne, og ho fraus i hel. Dei fekk da bore henne heim til Tuddal og ho blei gravlagd der.

Svein Løndal æra Tullar-Margit med to springarar, som han bygde ut etter slåttar ho tulla på. Dette er Tullar-Margit 1 og 2, der den fyrste av desse er den mest kjende.

Folk som lever i traktene kring Årmoddalen i dag talar om at dei av og til ser ei bunadskledd dame som gjeng tilsynelatande mållaust omkring der oppe. Kanskje er dette Gamle Margit Odden som framleis leitar etter den gruva ho sov så godt i, heilt til sola kom.

Anbefala innspeling:

Einar S. Løndal: ”Løndalstonar 3” (MC. Buen Kulturverkstad 1984)

Kjelder:

- *Olav J. Rui: ”Svein Løndal”*
- *Knut Buen: ”Dans og soger til Tuddalstonar”*
- *Ivar T. Dahl: ”Glimt av Tuddal før i verden”*